



# Innst. O. nr. 122

(2002-2003)

## Innstilling til Odelstinget fra finanskomiteen

Ot.prp. nr. 93 (2002-2003)

### Innstilling fra finanskomiteen om lov om endringer i skatte- og avgiftslovgivningen mv.

Til Odelstinget

#### 1. INNLEDNING

##### 1.1 Sammendrag

Regjeringa gjer i Ot.prp. nr. 93 (2002-2003) framlegg til lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv. I proposisjonen inngår:

- Forslag om innføring av eit eksportrelatert unntak frå meirverdiavgift for Posten Norge AS.
- Forslag om endringar i reglane for retten til frådrag for underskot i NOKUS-selskap.
- Forslag om innføring av eit særskild reindriftsfrådrag ved inntektslikninga.
- Forslag om innføring av eit særskild frådrag for skiferdivararar i Finnmark og Nord-Troms.
- Forslag om å auke frådraget for fagforeiningskontingent ved inntektslikninga.
- Forslag om å fjerne forskriftsheimelen for generelt skattefritak for arbeidsgjevar si dekning av tilsette sine utgifter til barnehage.
- Forslag om visse endringar i skatte- og avgiftslovgjevinga i samband med forslaget om innføring av introduksjonsstønad for nykomne innvandrarar.
- Forslag til retting av lovtekst - skattelova § 6-40 fjerde ledd.
- Omtale av forskrift om skattefritak for arbeidsgjevar si dekning av tilsette sine behandlingstgifter.
- Omtale av reglane for konserninterne overføringar.
- Omtale av reglane for eigedomsskatt på nettanlegg.

- Omtale av departementet si evaluering av reglane om offentlege skattelister.

Forslag og omtale er nærmare reiegjort for nedanfor og i proposisjonen.

##### 1.2 Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Ranveig Frøiland, Svein Roald Hansen, Tore Nordtun, Torstein Rudihagen og Hill-Marta Solberg, fra Høyre, Svein Flåtten, Torbjørn Hansen, Heidi Larssen og Jan Tore Sanner, fra Fremskrittspartiet, Gjermund Hagesæter, lederen Siv Jensen og Per Erik Monsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Øystein Djupedal, Audun Bjørlo Lysbakken og Heidi Grande Røys, fra Kristelig Folkeparti, Ingebrigt S. Sørfonn og Bjørg Tørresdal, fra Senterpartiet, Arne Braut, fra Venstre, May Britt Vihovde, og fra Kystpartiet, Steinar Bastesen, viser til sine merknader under de enkelte punkter nedenfor.

#### 2. MERVERDIAVGIFT - UNNTAK FOR POSTENS MASSEFORSENDELSER AV BREV TIL UTLANDET

##### 2.1 Sammendrag

Etter meirverdiavgiftslova § 16 nr. 4 første punktum er transporttenester her i landet - når transporten av vara skjer direkte til eller frå utlandet - fritatt frå meirverdiavgift. Etter lovføresegnas andre punktum gjeld dette unntaket ikkje Postens frakt av brev til utlandet. Bakgrunnen for unntaket var at Posten ikkje

hadde høve til å skilje mellom frankering som gjaldt mottakar i Noreg og mottakar i utlandet.

Regjeringa har i Ot.prp. nr. 41 (2002-2003) lagt fram forslag om at marknaden for utgåande grensekryssende post blir opna fullt ut for konkurranse. Ein reknar med at ei oppheving av eineretten for utgåande grensekryssende post vil medføre at andre postoperatørar i større grad enn i dag vil komme inn på denne marknaden. Meirverdiavgiftslova § 16 nr. 4 andre punktum vil i så fall innebere ei konkurranseulempe for Posten.

På bakgrunn av informasjon frå Posten kan det synes som om Posten kan klare dette skiljet for minst éin type distribusjonsavtaler. Det gjeld distribusjonsavtaler om massesendingar til utlandet.

Regjeringa gjer på denne bakgrunn framlegg om at avgiftsplikta til Posten ved omsetning av postsendingar til utlandet, avgrensast slik at avgiftsplikta ikkje lenger skal omfatte omsetning av distribusjonsavtaler om massesendingar av brev til utlandet. Regjeringa nyttar samtidig høvet til å foreslå ei redaksjonell endring av meirverdiavgiftslova § 16 nr. 4 andre punktum i det statens postselskap no heiter Posten Norge AS.

Regjeringa foreslår at endringa blir sett i kraft frå 1. juli 2003.

Regjeringa legg til grunn at forslaget til endring vil gi eit provenytap på om lag 5 mill. kroner pr. år. Provenytapet for 2003 vil utgjere om lag 2 mill. kroner.

## 2.2 Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til Regjeringens forslag til endring av merverdiavgiftsloven § 16 nr. 4 andre punktum.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Kystpartiet viser til at Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Kystpartiet har gått imot å åpne for full konkurranse i markedet for utadgående grensekryssende post. Disse medlemmer vil peke på at Posten vil få store ulemper av det vedtak som er gjort, og at det for å begrense denne ulempe er nødvendig å gi merverdiavgiftsfritak for disse forsendelser.

## 3. AVGRENSNING AV RETTEN TIL Å TREKKE FRA UNDERSKUDD FRA NOKUS-SELSKAP

### 3.1 Sammendrag

Etter skattelova §§ 10-60 til 10-68 gjeld det særskilte reglar for skattlegging av eigarar av selskap under norsk kontroll i land med låg skattlegging, såkalla NOKUS-selskap. NOKUS-reglane går ut på at norske eigarar skattleggjast direkte for sin del av selska-

pets nettoresultat i selskap under norsk kontroll i land med låg skattlegging. Resultatet til selskapet fastsett etter reglane i norsk skattelovgjeving som om selskapet var skattytar. Formålet er å sikre ei viss løpande norsk skattlegging av slike selskap.

Dette inneber at norske aksjonærar skattleggjast direkte for sin del av selskapets overskot. Går selskapet med underskot, kan norske aksjonærar trekkje frå sin del av underskotet frå selskapet i alminneleg inntekt. Underskot kan dermed redusere norske aksjonærars skattepliktige inntekt i underskotsåret, også den inntekta som stammer frå norske kjelder. Retten til å trekkje frå underskot er avgrensa av ei frådragsramme som svarar til frådragsramma for kommanditistar.

Samanlikna med tilsvarande reglar i andre land er dei norske reglane for frådrag for underskot liberale. Dei gunstige reglane kan gjere det mogleg å utnytte regelverket til skattemotiverte tilpassingar.

Regjeringa foreslår derfor å endre NOKUS-reglane slik at underskot frå NOKUS-selskap ikkje lenger skal kunne trekkjast frå direkte i anna inntekt, men berre skal kunne framførast mot seinare overskot i same selskap.

Det visast til forslag til endringar i skattelova §§ 8-15, 10-61, 10-66 og 10-68. Regjeringa foreslår at endringane blir sett i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2003.

Provenygevinsten av å avskjere den løpande frådragsretten bereknast til om lag 500 mill. kroner påløpt i 2003, og om lag 500 mill. kroner bokført for 2004. Vidare vil forslaget innebere store administrative forenklingar ved at dei til dels kompliserte berekningane av over- og underpris ved ervervet fell bort.

### 3.2 Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Kystpartiet, slutter seg til Regjeringens forslag til endringer i skatteloven §§ 8-15 andre ledd siste punktum, 10-61, 10-66 og 10-68.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Kystpartiet går mot forslaget om å endre reglane for beskatning av selskaper i lavskattelend, de såkalla NOKUS-reglane.

Disse medlemmer er opptatt av at næringslivet har stabile og forutsigbare rammevilkår. Mange norske bedrifter har de siste årene investert i utlandet på grunnlag av de rammevilkårene som eksisterte på investeringstidspunktet. Ved at Regjeringen nå foreslår å endre NOKUS-reglane i negativ retning, attpåtil med tilbakevirkende kraft, vil dette medføre at mange investeringer plutselig fremstår som mindre gunstige enn de fremsto på investeringstidspunktet.

Disse medlemmer viser også til at konsekvensene av denne endringen i liten grad er utredet og at endringen heller ikke har vært sendt ut på høring slik regjeringens utredningsinstruks tilsier. Hvilke konsekvenser dette forslaget vil få bl.a. når det gjelder norsk investeringsvilje i utlandet, er derfor høyst usikkert.

Disse medlemmer vil derfor stemme mot denne endringen.

#### **4. INNFØRING AV ET SÆRSKILT REINDRIFTSFRADRAK VED INNTEKTSLIKNINGEN**

##### **4.1 Sammendrag**

Regjeringa gjer framlegg om at det ved fastsetting av næringsinntekt frå reindriftsverksemd, jf. § 14-82, blir gitt eit inntektsfrådrag etter dei same prinsippa som ein har i jordbruket, slik at det i positiv næringsinntekt frå reindrift blir gitt eit botnfrådrag på 36 000 kroner. Av overskytande inntekt blir det gitt eit frådrag på 19 pst. opp til eit samla frådrag på 61 500 kroner.

Føresegna bør takast inn i skattelova § 8-1, som frå før også har enkelte andre skattereglar for reindrifta. Departementet bør ha høve til å gi forskrift til utfylling og gjennomføring av paragrafen.

I tilfelle der skattyaren driv både reindrift og jordbruk eller skiferdrift, skal det ikkje kunne krevjast meir enn eitt heilt frådrag til saman, sjå forslag til nytt niande ledd.

På same måte som for jordbruksfrådraget må eit særskilt frådrag for reindriftsnæringa innarbeidast i skattelova § 12-12 andre ledd bokstav f.

Regjeringa foreslår at endringane blir sett i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2003.

Forslaget vil truleg ha små administrative konsekvensar. Provenytapet er rekna til om lag 6 mill. kroner både påløpt og bokført i 2003.

##### **4.2 Komiteens merknader**

Komiteen slutter seg til Regjeringens forslag til endringer i skatteloven § 8-1 nytt syvende og niende ledd og § 12-12 andre ledd bokstav f nytt fjerde alternativ.

#### **5. INNFØRING AV ET SÆRSKILT INNTEKTSFRADRAK FOR SKIFERDRIVERNE I FINNMARK OG NORD-TROMS**

##### **5.1 Sammendrag**

Slik det òg er foreslått for reindriftsnæringa, legg Regjeringa fram forslag om eit inntektsfrådrag for

skiferdrivarane i Finnmark og Nord-Troms etter dei same prinsippa som gjeld frådraget for jordbruket. Det vil seie at det i positiv næringsinntekt blir gitt eit botnfrådrag på 36 000 kroner. Av overskytande inntekt blir det gitt eit frådrag på 19 pst. opp til eit samla frådrag på 61 500 kroner.

Føresegna bør takast inn i skattelova § 8-1, som frå før også har føresegner om mellom anna jordbruksfrådraget. Departementet bør ha høve til å gi forskrift til utfylling og gjennomføring av paragrafen.

I tilfelle der skattyaren driv både reindrift og jordbruk eller skiferdrift, skal det ikkje kunne krevjast meir enn eitt heilt frådrag til saman, sjå forslag til nytt niande ledd.

På same måte som for jordbruksfrådraget må eit særskilt frådrag for skiferdrivarane i Finnmark og Nord-Troms innarbeidast i skattelova § 12-12 andre ledd bokstav f.

Regjeringa foreslår at endringane blir sett i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2003.

Forslaget vil truleg ikkje medføre monalege administrative konsekvensar. Provenytapet er rekna til om lag 3 mill. kroner påløpt og bokført i 2003.

##### **5.2 Komiteens merknader**

Komiteen slutter seg til Regjeringens forslag til endringer i skatteloven § 8-1 nytt åttende ledd og § 12-12 andre ledd bokstav f nytt femte alternativ, og har sluttet seg til § 8-1 nytt niande ledd ovenfor under punkt 4.2.

#### **6. FRADRAK FOR FAGFORENINGSKONTINGENTER**

##### **6.1 Sammendrag**

Regjeringa gjer framlegg om å auke frådraget for betalt fagforeningskontingent og kontingent til næringsorganisasjonar til 1 450 kroner frå og med inntektsåret 2003. Maksimalt frådrag er i dag 1 100 kroner. Det visast til forslag til endring i skattelova § 6-19 andre ledd fjerde punktum og § 6-20 fjerde ledd andre punktum. Regjeringa foreslår at endringane blir sett i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2003. Provenytapet er rekna til om lag 110 mill. kroner påløpt og 100 mill. kroner bokført i 2003. Det visast også til omtale i St.meld. nr. 2 (2002-2003) Revidert nasjonalbudsjett 2003 kapittel 3.3.3

##### **6.2 Komiteens merknader**

Komiteen slutter seg til Regjeringens forslag til endringer i skatteloven § 6-19 andre ledd fjerde punktum og § 6-20 fjerde ledd andre punktum.

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet viser til at Regjeringen foreslår å øke fradraget for betalt fagforeningskontingent fra 1 100 kroner til 1 450 kroner. Disse medlemmer er i utgangspunktet kritisk til denne fradragsmuligheten. Dette fordi et slikt fradrag utgjør en svært begrenset skattelette for den enkelte og fordi dette fradraget gir merarbeid både for skatteyter, arbeidsgiver, fagforening og ligningskontor.

Disse medlemmer vil likevel ikke gå mot denne endringen fordi forslaget ble til som en del av det inntektspolitiske samarbeidet mellom Regjeringen og partene i arbeidslivet.

## **7. FJERNING AV FORSKRIFTSHJEMMEL FOR GENERELT SKATTEFRITAK FOR ARBEIDSGIVERS DEKNING AV ANSATTES UTGIFTER TIL BARNEHAGE**

### **7.1 Sammendrag**

Regjeringa meiner at det ikkje er grunnlag for å utvide skattefritaket for tilskot frå arbeidsgjevar til barnehage for arbeidstakarane sine barn, og heller ikkje å innføre skattefritak for andre former for ytingar frå arbeidsgjevar til å dekkje arbeidstakarane sine utgifter til barnehage. Sjå nærare omtale av dette i St.meld. nr. 2 (2002-2003) Revidert nasjonalbudsjett 2003 punkt 3.3.2. Regjeringa foreslår derfor å reversere den lovendringa som blei vedteken i samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2003, jf. Innst. O. nr. 27 (2002-2003) punkt 21.1. Det gamle, men avgrensa skattefritaket for tilskot til barnehage for tilsette sine barn blir då ført vidare.

I tillegg foreslår Regjeringa å rette ein skrivefeil, ved at "barnehage" i gjeldande lov blir erstatta med "barnehage".

Sjå forslag til endringar i skattelova § 5-15 andre ledd andre punktum.

Regjeringa foreslår at endringa blir sett i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2003.

### **7.2 Komiteens merknader**

Komiteen viser til at det 11. juni 2003 ble enighet om et bredt forlik om barnehagepolitikken i årene fremover. Komiteen viser til sine merknader i Budsjett-innst. S. II (2002-2003). Komiteen har vurdert de skattemessige sidene av barnehageforliket og kommet frem til at disse kan gjennomføres uten endringer i gjeldende lovtekst, jf. skatteloven § 5-15 annet ledd annet punktum, som gir departementet en generell hjemmel til å gi forskrift om skattefritak for arbeidsgivers dekning av kostnader til barnehage for ansattes barn. Komiteen går derfor også imot Regjeringens forslag til endring av denne bestemmelsen.

## **8. OPPFØLGNING AV OT.PRP. NR. 28 (2002-2003) OM LOV OM INTRODUKSJONSORDNING FOR NYANKOMNE INNVANDRERE (INTRODUKSJONSLOVEN)**

### **8.1 Sammendrag**

Regjeringa fremma 13. desember 2002 Ot.prp. nr. 28 (2002-2003) Om lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven). Forslaget inneheldt også utkast til endringar i mellom anna skattelova og folketrygdlova. Når det gjeld skattemessige forhold, blei det gjort framlegg om at stønaden som nye innvandrere kan få etter utkastet til introduksjonslova, skal vere skattepliktig som alminneleg inntekt og personinntekt, og at det skal svaraast trygdeavgift med låg sats. For ei nærmare utgreiing om forslaget på dette punkt, viser ein til den nemnde proposisjonen.

I Ot.prp. nr. 28 (2002-2003) Om lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere blei det ikkje fremma forslag om korleis introduksjonsstønaden skal handsamast i forhold til rapportering og skattetrekk. Heller ikkje spørsmålet om arbeidsgjevaravgift blei uttrykkeleg regulert, men det har blitt lagt til grunn at det ikkje er grunnlag for å påleggje introduksjonsstønaden arbeidsgjevaravgift. Det vil vere ei føremon for mottakaren av stønaden å bli stilt ovafor dei same reglane som dei mest truleg seinare vil måtte halde seg til i løna arbeid.

Regjeringa meiner det er mest tenleg at den som utbetaler stønaden, det vil seie kommunen, bør rapportere utbetalinga til skattestyresmaktene på lik line med det som gjeld for løn. Truleg er det allereie heimel for slik plikt til rapportering i likningslova § 6-2 nr. 1 bokstav b. Regjeringa meiner likevel at rapporteringsplikta bør reguleraast uttrykkeleg. Det visast til forslag til endring av likningslova § 6-2 nr. 1 bokstav b. Når det gjeld skattetrekk, bør introduksjonsstønaden vere omfatta av reglane om forskottstrekk. Forskottstrekk gjeld mellom anna for løn og pensjon, jf. skattebetalingslova § 5. Konsekvensen av ikkje å innlemma introduksjonsstønaden i reglane om forskottstrekk er at det er reglane om forskottsskatt i skattebetalingslova § 13 følgjande som då vil gjelde.

Forskottstrekk vil vere mest tenleg med sikte på å sikre at skatten faktisk blir betalt. Også i tilfeller kor skattyteren har introduksjonsstønad kombinert med anna skattepliktig inntekt, vil ei ordning med forskottstrekk vere best egna til å sikre korrekt betaling av skatten. Det visast til forslag til endring av skattebetalingslova § 5 første ledd bokstav e.

Introduksjonsstønaden er ei yting frå det offentlege for å sikre deltakarane i introduksjonsordninga ei inntekt. Ytinga har ein viss likskap med arbeidsinntekt, då det er ei føresetnad for å få ytinga at ein tek del i eit introduksjonsprogram. Det er neppe hei-

mel for å påleggje arbeidsgjevaravgift på ytinga etter folketrygdlova § 23-2. Regjeringa meiner likevel at det er mest tenleg at spørsmålet om plikt til å svare arbeidsgjevaravgift blir regulert uttrykkeleg. Det blir derfor gjort framlegg om at folketrygdlova endrast slik at det heilt klart går fram at introduksjonsstønden ikkje er ei arbeidsgjevaravgiftspliktig yting. Det visast til forslag til endring av folketrygdlova § 23-2 nytt femte ledd.

I Ot.prp. nr. 28 (2002-2003) Om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven) blei det gjort framlegg om at introduksjonslova, og endringane i andre lovar, skulle setjast i kraft frå 1. september 2003. Kommunane pliktar likevel ikkje å nytte lova før 1. september 2004, jf. utkastet til ikraftsetjingsregel i § 21. Regjeringa foreslår derfor at endringane blir sett i kraft frå 1. september 2003.

## 8.2 Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til Regjeringens forslag til endring av likningsloven § 6-2 nr. 1 bokstav b, skattebetalingsloven § 5 første ledd bokstav e og folketrygdloven § 23-2 nytt femte ledd samt at folketrygdlovens nåværende § 23-2 femte til tolvte ledd blir nye sjetten til trettende ledd.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til sine merknader og forslag i Innst. O. nr. 103 (2002-2003) vedrørende introduksjonsordning for nyankomne innvandrere. Disse medlemmer viser til at Fremskrittspartiet her fremmet en rekke forslag som ble nedstemt. Disse medlemmer aksepterer imidlertid resultatet og slutter seg på bakgrunn av dette til Regjeringens forslag.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti vil i tillegg vise til merknader og forslag i Innst. O. nr. 103 (2002-2003).

## 9. FORSLAG TIL RETTING AV LOVTEKST - SKATTELOVEN § 6-40 FJERDE LEDD

### 9.1 Sammendrag

Ved lov 21. desember 2000 nr. 111 blei det vedteke endringar i skattelova § 4-31 som førte til at tidlegare første ledd i skattelova § 4-31 blei erstatta med nye lovføresegner som blei inntekne i skattelova § 4-31 første til tredje ledd. Tidlegare andre og tredje ledd i skattelova § 4-31 blei samstundes ført vidare i skattelova § 4-31 nye fjerde og femte ledd.

Lovføresegna i skattelova § 6-40 fjerde ledd viser mellom anna til lovføresegna i skattelova § 4-31 tredje ledd. Ved ein feil blei jamføringa i skattelova § 6-40 fjerde ledd til skattelova § 4-31 tredje ledd

ikkje retta i samband med lovendringa 21. desember 2000 nr. 111. Rett jamføring skal vere til skattelova § 4-31 femte ledd. Regjeringa foreslår at skattelova § 6-40 fjerde ledd endrast i samsvar med dette.

Regjeringa foreslår at endringa blir sett i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2003.

## 9.2 Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til Regjeringens forslag til endring av skatteloven § 6-40 fjerde ledd.

## 10. IKRAFTTREDELSE

### 10.1 Sammendrag

Regjeringa sine forslag til når dei enkelte forslaga til endringar skal tre i kraft, er omtalt ovanfor i samband med sjølve forslaga.

### 10.2 Komiteens merknader

Komiteen slutter seg til Regjeringens forslag til ikrafttredelse.

## 11. OMTALE AV FORSKRIFT OM SKATTEFRITAK FOR ARBEIDSGIVERS DEKNING AV ANSATTES BEHANDLINGSUTGIFTER

### 11.1 Sammendrag

Hausten 2003 vedtok Stortinget ein heimel i skattelova § 5-15 andre ledd for Finansdepartementet til å gje forskrift om skattefritak for arbeidsgjevar si dekning av tilsette sine behandlingsutgifter. Departementet sende 19. mars 2003 ut eit forslag til forskrift på høyring. Høyringa er nå avslutta, og forskrifta vil bli vedteken om kort tid.

I høyringsnotatet varsla departementet at ein i Revidert nasjonalbudsjett 2003 ville kome tilbake med særskilde fritak frå arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk. Etter høyringsrunden har Regjeringa kome fram til at særskilde heimlar for fritak frå trekkplikt og arbeidsgjevaravgift ikkje er nødvendige. Det kan likevel bli aktuelt ved eit seinare høve å foreta ein meir generell gjennomgang av reglane på området.

Regjeringa ser det som ønskeleg å innføre rapporteringsplikt for dekning av behandlingsutgifter og behandlingsforsikring som skattefri naturalyting, og er av den oppfatning at dette best gjerast ved å innføre eit nytt tredje punktum i § 3 i forskrift 30. desember 1983 nr. 1974. Regjeringa tek sikte på ei slik forskriftsendring i vår, og på at ho trer i kraft samtidig som den nemnde forskrifta om skattefritak for arbeidsgjevar si dekning av behandlingsutgifter og premie til behandlingsforsikring. Forskriftsendringane får verknad frå og med inntektsåret 2003.

## 11.2 Komiteens merknader

Komiteen tar dette til orientering.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vil imidlertid peke på at ordningen med at arbeidsgivers dekning av behandlingsforsikringer og direkte behandlingsutgifter skal være skattefri, bryter med sentrale skattepolitiske og helsepolitiske målsettinger og dessuten innebærer en uakseptabel forskjellsbehandling.

## 12. SKATTELOVEN § 11-21 - KONSERN-INTERNE OVERFØRINGER

### 12.1 Sammendrag

Etter skattelova § 11-21 kan Finansdepartementet fastsette forskrift om og gjere enkeltvedtak om at næringsaktiva kan overførast frå eit aksjeselskap eller allmennaksjeselskap til eit anna aksjeselskap eller allmennaksjeselskap, utan at overføringa skattleggst direkte. Skatteposisjonar knytt til vedkommande aktiva vil følgje overførte næringsaktiva uendra. Reglane kan berre nyttast dersom selskapa høyrer til same konsern og morselskapet eig meir enn 90 pst. av aksjane når transaksjonen gjennomførast og har 90 pst. av dei stemmene som kan gis på generalforsamlinga.

Dei gjeldande reglane om konserninterne overføringer har fått kritikk. Mellom anna blir det hevda at reglane er mindre tenlege når målet med konserninterne overføringer er å legge til rette for endringar i eigarstruktur.

I Ot.prp. nr. 1 (2002-2003) ga Regjeringa ein omtale av reglane om konserninterne overføringer, og varsla at ein tok sikte på å legge fram eit høringsutkast med forslag til eit enklare regelverk innan årsskiftet 2002/2003.

Da Stortinget drøfta Ot.prp. nr. 1 (2002-2003) uttalte finanskomiteen i Innst. O. nr. 19 (2002-2003) kapittel 15:

"Finansdepartementet arbeider med et høringsutkast om regelendringer som vil kunne foreligge rundt årsskiftet og komiteen anser dette som et viktig arbeid som bør gis prioritet, og regner med at Regjeringen kommer tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer om nødvendig. Komiteen ønsker at Regjeringen senest i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett 2003 orienterer Stortinget om fremdrift og status for arbeidet med regelendringer som nå pågår."

Arbeidet med reglane om konserninterne overføringer har vist at det er mange og til dels motstridande omsyn på området. Såleis er det viktig at arbeidet gjennomførast på eit så breitt grunnlag som mogleg. I Skatteutvalget si innstilling, NOU 2003:9, er skatt-

legging av personar og selskap drøfta. Desse reglane vil ha innverknad på korleis konserninterne overføringer skal skattleggast. Innstillinga er no sendt på høyring og vil bli følgd opp i ei stortingsmelding til hausten. Arbeidet med enklare reglar for konserninterne overføringer vil vere avhengig av korleis skattlegginga av personar og selskap blir utforma. Etter Regjeringa sitt syn bør arbeidet med høringsnotatet om konserninterne overføringer knytast til oppfølginga av Skatteutvalget si innstilling og bygge på dei løysingane for skattlegging av personar og selskap som kjem ut av denne oppfølginga.

## 12.2 Komiteens merknader

Komiteen tar dette til orientering.

## 13. VURDERING AV IVERKSETTING AV EIENDOMSSKATTELOVEN § 8 FOR ANLEGG FOR OVERFØRING OG DISTRIBUTJON AV ELEKTRISK KRAFT

### 13.1 Sammendrag

Ved kraftskattereforma 1997 blei det vedteke at eigedomsskattelova § 8 skulle tre i kraft for kraftanlegg og anlegg for overføring og distribusjon av elektrisk kraft (heretter overføringsanlegg). Iverksettinga blei utsett fleire gonger for begge typar anlegg. Eigedomsskattelova § 8 tredde i kraft for kraftanlegg frå og med eigedomsskatteåret 2001. Iverksettinga for overføringsanlegg blei sist utsett til eigedomsskatteåret 2004 ved kgl.res. av 30. november 2001.

Eigedomsskattelova § 8 slår fast at "Eigedomsskattetaksten skal reknast ut etter verdet (taksten) som eigedomen vert sett til ved likninga året før skatteåret", det vil seie formuesverdien av eigedomen. Ved kraftskattereforma blei det vedteke at formuesverdien i overføringsanlegg skulle setjast til "skattemessig verdi pr. 1. januar i ligningsåret", jf. skattelova 1911 § 37 bokstav a femte ledd, no skattelova § 18-5 åttande ledd.

Den 6. november 2002 sendte departementet ut eit høringsnotat med sine vurderingar, med høringsfrist 18. desember s.å. I notatet konkluderte departementet med at føresetnadene for vedtaket om iverksetting av eigedomsskattelova § 8 ikkje lenger var til stades. Departementet kom derfor til at eigedomsskattelova § 8 ikkje bør tre i kraft for overføringsanlegg. Hovudgrunnen til dette er at det er ein føresetnad for ei slik iverksetting at det skjer ei felles verdsetting av overføringsanlegget hos selskapa. Føresetnaden for ei slik verdsetting er at det finnest reglar for fordeling av eigedomsskattegrunnlaget. Overføringsanlegga er delt inn i tre nettnivå, sentral-, regional- og distribusjonsnett. I høringsnotatet vurderte departementet fleire modellar for fordeling. I praksis vil det vera vanskeleg å få på plass reglar

som både fører til enklare reglar i forhold til det takseringssystemet som gjeld i dag, gir ei rettferdig fordeling og ikkje aukar konfliktpotensialet mellom kommunane.

Ti høyringsinstansar ga realitetsutsegn til høyringsnotatet. Fleirtalet støttar departementet sine vurderingar og konklusjonen.

Regjeringa vil halde fast på konklusjonen i høyringsnotatet om at eigedomsskattelova § 8 ikkje bør tre i kraft for overføringsanlegg. Det vil bli gjort framlegg om kongeleg resolusjon om at kgl.res. 17. juli 1998 nr. 614 om delvis ikrafttredelse av lov av 6. juni 1975 om eigedomsskatt, endrast slik at overføringsanlegg ikkje lenger er omfatta av ikrafttredelsesføresegna.

### 13.2 Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, tar dette til orientering.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at dagens praksis vedrørende taksering av overførings- og distribusjonsanlegg for eiendomsskatteformål gir til dels svært ulike resultater avhengig av hvilket firma som utfører taksten. Det er i tilfelle en uheldig situasjon som innebærer en utilsiktet forskjellsbehandling av nettkunder i ulike områder. Dagens takseringspraksis bør derfor gjennomgås for å vurdere behovet for retningslinjer som i tilfelle kan bidra til en mer enhetlig praksis.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen inkludere en vurdering av taksering av overførings- og distribusjonsanlegg for eiendomsskatteformål i den generelle gjennomgangen av kraftskatter og de konsesjonsbaserte ordninger som redegjort for i Ot.prp. nr. 1 (2002-2003)."

## 14. OMTALE AV DEPARTEMENTETS EVALUERING AV REGLENE OM OFFENTLIGE SKATTELISTER

### 14.1 Sammendrag

Finansdepartementet starta i 2002 eit arbeid med å evaluere reglane om offentlege skattelister.

I Innst. S. nr. 14 (2002-2003) blei Regjeringa bedt om å gjennomføre evalueringa og vurdere ulike interessentar sine behov for informasjon. Regjeringa blei òg bedt om å kome tilbake til saka med omtale og framdrift i Revidert nasjonalbudsjett 2003.

Reglane om skattelistingene reiser fleire problemstillingar knytt til ønsket om ei open likningsforvaltning på den eine sida, og omsynet til personvernet på den andre. Arbeidet med å evaluere reglane er diverre

forsinka. Departementet tek no sikte på å sende saka på høyring innan kort tid. Nokre av dei tiltaka som ein vil skissere i høyringa, kan bli aktuelle allereie ved utlegginga av skattelistingene til hausten for inntektsåret 2002.

### 14.2 Komiteens merknader

Komiteen tar dette til orientering.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, påpeker at det i utforming av reglene er avgjørende med en mest mulig riktig avveining mellom hensynet til åpenhet i ligningsforvaltningen og mulighetene til innsyn på den ene side og sentrale personvern hensyn på den annen side.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Kystpartiet vil understreke betydningen av åpenhet rundt prosesser i det offentlige system, fordi dette er viktig for å hindre maktmisbruk, urettferdighet og feilbehandling.

## 15. ANDRE FORSLAG

### 15.1 Permitteringsloven

Komiteen viser til at bedriftene i dag har mulighet til å permittere de ansatte i 26 uker. Noen bransjer har unntak og kan permittere de ansatte lenger. Komiteen mener at normalt bør en periode på 26 uker være lang nok, men det er behov for å tillate en lengre permitteringsperiode i noen bransjer for å hindre at bedriftene i disse bransjene må si opp personer med verdifull kompetanse, som dermed kan forsvinne fra bransjen. Komiteen fremmer derfor forslag om lovendringer slik at Regjeringen i forskrift kan gi unntak fra 26-ukers-regelen. Komiteen forutsetter at departementet gir forskrift om unntak og at forskriften gis virkning fra og med 1. juli 2003.

Komiteen fremmer følgende forslag:

"I lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering gjøres følgende endring:

§ 3 (2) første ledd skal lyde:

Arbeidstakere som i løpet av de siste 18 måneder har vært helt eller delvis permittert uten lønn i 26 uker til sammen, har krav på lønn og annet arbeidsvederlag fra arbeidsgiver for den overskytende permitteringsstid. *Departementet kan gi forskrift om adgang til å forlenge perioden på 26 uker før arbeidsgivers lønnsplikt gjeninntre, for permitterte innen bestemte næringer.* Tid hvor arbeidstakeren har vært

permittert som følge av arbeidskamp, regnes ikke med ved beregning av permitteringstid etter dette ledd.

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) gjøres følgende endring:

§ 4-7 annet ledd skal lyde:

Dagpenger kan ytes i inntil 26 uker i løpet av en periode på 18 måneder ved hel eller delvis permittering hos samme arbeidsgiver. *Departementet kan gi forskrift om adgang til å forlenge perioden med rett til dagpenger for permitterte innen bestemte næringer.*

Endringene trer i kraft 1. juli 2003."

## 15.2 Rettsgebyret

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, Senterpartiet og Kystpartiet, fremmer følgende forslag:

"I lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr gjøres følgende endring:

§ 1 annet ledd skal lyde:

Gebyret beregnes med utgangspunkt i et grunngebyr kalt rettsgebyret. Dette utgjør 740 kroner.

Endringen trer i kraft fra 1. juli 2003."

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser til at et flertall har varslet at de vil øke reguleringen av G ut over Regjeringens forslag i St.prp. nr. 73 (2002-2003) Om Trygdeoppgjøret 2003. Disse medlemmer mener det er viktig at bevilgningsøkningen på 572 mill. kroner dekkes inn. Disse medlemmer foreslår, som en del av inndekningen, å øke rettsgebyret fra 700 kroner til 740 kroner.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet ønsker å prioritere tiltak for å bekjempe den økende ledigheten. For å skape rom for dette innenfor budsjettammen foreslår disse medlemmer å heve rettsgebyret fra 700 kroner til 740 kroner. En forutsetter at en økning i rettsgebyret ikke rammer de som trenger fri rettshjelp.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti foreslår å øke rettsgebyret med 40 kroner, og bruker inntektene til å styrke kriminalomsorgen.

## 15.3 Skattefradrag for arbeidsgiverbetalt sykebehandling og forsikring

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet ønsker å fjerne ordningen med skattefritak for arbeidsgivers dekning av behandlingsforsikringer og direkte behandlingsutgifter. Ordningen bryter med sentrale skattepolitiske og helsepolitiske målsettinger. Hovedregelen i skattelovgivning er at alle typer inntekt skal beskattes, det gjelder uavhengig av i hvilken form inntekten er motatt, som lønn, naturalia, dekning av privatutgifter eller annen økonomisk støtte. Ordningen med skattefritak for sykebehandling og forsikring innebærer en uakseptabel forskjellsbehandling. Noen få arbeidstakere får dekket utgifter til privat behandling skattefritt, mens andre må velge mellom enten å betale tilsvarende behandling med egne, skattlagte midler, eller å vente på behandling i det offentlige helsevesen. Hvem som kan tilgodeses gjennom et slikt skattefritak, er det opp til arbeidsgiveren å avgjøre. Det er grunn til å anta at i mange tilfeller vil den ansattes posisjon på den enkeltes arbeidsplass være utslagsgivende, slik at det bare vil være enkelte utvalgte arbeidstakere som får tilbud om arbeidsgiverdekket helsebehandling eller forsikring. Attraktive arbeidstakere vil også ved inngåelse av lønnsavtale stille krav om at arbeidsgiver skal dekke deres fremtidige utgifter ved privat behandling. Dette vil gi en helt uakseptabel utvikling i retning av ytterligere forskjeller. Dersom det blir en oppbygging av et omfattende privat helsetilbud er det en fare for at begrensede ressurser trekkes bort fra det offentlige helsevesenet.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

"I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt på formue og inntekt (skatteloven) gjøres følgende endring:

I

§ 5-15 annet ledd fjerde punktum oppheves.

II

Endringen under I trer i kraft straks med virkning fra og med inntektsåret 2003."

## 15.4 Takreglene i delingsmodellen

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til at inntekter fra næringsvirksomheter hvor eierne deltar aktivt, er dels avkastning på arbeid og dels avkastning på kapital, uten at dette skillet kommer fram i regnskapet. Fordi skattesatsen for arbeidsinntekt (personinntekt) er høyere enn satsen for kapitalinntekt (alminnelig inntekt), er det nødvendig med regler for næringsdrivende som be-



stemmer hvordan den samlede inntekten skal fordeles på arbeid og kapital. Med dagens regler for begrensning av personinntekt for ikke-liberale foretak klassifiseres en for liten del av inntekten som arbeidsinntekt. Disse medlemmer foreslår derfor å endre reglene slik at en større del av inntekten beskattes som arbeidsinntekt (inntekt opp til 23 G og inntekt over 75 G skattlegges som personinntekt, mens inntekt mellom 23 G og 75 G skattlegges som alminnelig inntekt).

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

"I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt på formue og inntekt (skatteloven) gjøres følgende endring:

#### I

§ 12-17 første ledd skal lyde:

Dersom skattyterens samlede personinntekt fra foretak der det fastsettes beregnet personinntekt ville overstige 23 ganger folketrygdens grunnbeløp (G), skal beregnet personinntekt begrenses så langt beløpsgrensen ville bli overskredet. Personinntekt fra foretak som overstiger 75 G skal likevel ikke begrenses ved fastsettelse av beregnet personinntekt. Annen personinntekt enn beregnet personinntekt, jf. § 12-2, skal ikke begrenses.

#### II

Endringen under I trer i kraft straks med virkning fra og med inntektsåret 2003."

### 15.5 Skattefradrag for gaver til frivillige organisasjoner

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet ønsker å prioritere tiltak for å bekjempe den økende ledigheten. For å skape rom for dette innenfor budsjettammen foreslår disse medlemmer å fjerne skattefritak for gaver til frivillige organisasjoner.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

"I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt på formue og inntekt (skatteloven) gjøres følgende endring:

#### I

§ 6-50 oppheves.

#### II

Endringen under I trer i kraft straks med virkning fra og med inntektsåret 2003."

### 15.6 Aksjerabatt

